

Ivar Berg, Arnold Dalen og Karin Fjellhammer Seim (red.)

Runestudier

Festskrift til Jan Ragnar Hagland



© Akademika forlag, Trondheim 2013

ISBN 978-82321-0215-0

Det må ikke kopieres fra denne boka ut over det som er tillatt etter bestemmelser i lov om opphavsrett til åndsverk, og avtaler om kopiering inngått med Kopinor. Dette gjelder også filer, kode eller annen gjengivelse tilknyttet e-bok.

*Grafisk tilrettelegging: Fagtrykk Trondheim AS
Omslag: Mari Røstvold, Akademika forlag
Trykk og innbinding: Fagtrykk Trondheim AS*

Utgivelsen er støttet av Det humanistiske fakultet, NTNU og Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU.

*Forsiden: Runealfabetet på omslaget er hentet fra William Dwight Whitneys *The Century Dictionary and Cyclopaedia: An encyclopedic Lexicon of the English Language* (New York: The Century Co., 1889).
<http://luc.devroye.org/runes-index.html>*

Vi bruker miljøsertifiserte trykkerier.

Akademika forlag

Postboks 2461, Sluppen

7005 TRONDHEIM

Tlf.: 73 59 32 10

E-post: forlag@akademika.no

www.akademikaforlag.no

Forlagsredaktør: may.solberg@akademika.no

Jan Ragnar Hagland – fagleg profil

Vita

Jan Ragnar Hagland er fødd 3. mars 1943 i Haugesund, der han framleis har fars-garden på Hagland nord for byen som feriestad. Etter artium på engelsklina ved Haugesund kommunale høgre almenkskole i 1962 studerte han ved Universitetet i Bergen, der han vart cand.philol. i 1969 med nordisk hovudfag og fransk og engelsk mellomfag. Deretter hadde han den første undervisningsstillinga si på United World College of the Atlantic i Wales i 1969–70.

Rettleiaren hans på hovudfag var Alfred Jakobsen, og då denne vart tilsett som professor ved det som den gongen heitte Noregs lærarhøgskole i Trondheim, følgde Hagland med som vitskapleg assistent frå 1970. Bortsett frå eit semester som vikarierende amanuensis ved UiB i 1976, har han sidan vore knytt til nordiskfaget i Trondheim på det som etter kvart skifta namn til Den allmennvitskaplege høgskolen (AVH) og sidan NTNU – Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Her steig han med tida i gradane frå vitskapleg assistent og universitetslektor til amanuensis og seinare førsteamanuensis frå 1978.

28. september 1985 disputerte han for graden dr.philos. på avhandlinga *Riksstyring og språknorm*, og året etter tok han over professoratet i norrøn filologi etter Jakobsen. Denne stillinga har han sidan hatt til han no ved fylte 70 år går av med pensjon. Gjennom åra har han dessutan vore gjesteprofessor ved fleire utanlandske universitetet, ikkje minst eit halvt år ved University of Chicago i 1991, og i seinare år fleire gonger i Paris. Hagland har dessutan halde gjesteførelingar ved ei lang rad universitet i Europa og USA.

Undervisning og rettleiing er ein viktig del av arbeidet som universitetslærer, og Hagland har hatt sine oppgåver knytte til dei historiske disiplinane ved instituttet i Trondheim. Her har han undervist først og fremst i norrønt språk og litteratur og runologi, og rettleidd mange hovudfags-, master- og doktorgradsarbeid innan dei

same fagfelta. Han har òg vore opponent ved fleire doktordisputasar i Noreg og Sverige. Han var dessutan medforfattar av læreverket *Ord som gror* for ungdomsskulen.

Hagland har hatt ei rekkje verv av ymse slag. Han var instituttstyrar ved Nordisk institutt i 1983–1984. Seinare var han dekanus ved Det historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Trondheim/AVH i perioden 1987–90, og prodekanus for forskning same stad 1992–1994. Andre viktige verv er prosjektleiar for «Trondheim–Sofia Corpus of Old Slavic Texts» (1996–2002) og leiar av styringsgruppa for prosjektet «Henrik Ibsens skrifter» (2002–2005). Hagland har lenge vore aktiv i Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS), der han frå 2011 er visepreses.

Vitskapleg produksjon

Hovudfagsoppgåva *Om dialektgrunnlaget for det tapte B-handskriftet av Fagrskinna* tek opp eit tradisjonelt filologisk spørsmål, og *filologi* i vid meining er dekkjande for den faglege verksemda til Hagland. I det følgjande skal vi gje eit tematisk oversyn over viktige sider ved den faglege innsatsen, før vi ser nærare og grundigare på emnet for nett denne samlinga. Tala viser til den nummererte bibliografien attarst i boka, og artiklar som er trykte i denne boka er sette med **feite** typar.

Omsetjingar til moderne språk har alltid vore ei viktig side av norrønfilologien, og der har Hagland gjort ein stor innsats og omsett tekster av ulikt slag, frå tradisjonelle ættesoger til lover (sjå nedanfor) og ein «reiseguide frå 1100-talet» (nr. 193). For tida er han i lag med Jon Gunnar Jørgensen redaktør for ei norsk samleutgåve av islendingesogene, der han sjølv har omsett *Njålssoga*, *Soga om Gisle Sursson*, *Soga om fosterbrørne* og fleire mindre tekster. Arbeidet med *Njålssoga* har òg ført til ein artikkel om nyare forskning på denne soga (nr. 67). Sogoomsetjingar er drøfta meir prinsipielt i nr. 246 og 252, medan nr. 201 tek opp namnenormering i omsetjingar frå norrønt.

Han har ved nokre seinare høve vendt attende til emnet for hovudfagsavhandlina, handskriftet *Fagrskinna* (nr. 6, 11 og 28), og har skrivne innleiing til ei norsk omsetjing av verket (nr. 241). Filologi som fag er tema for nr. 155; av

andre filologisk orienterte arbeid kan nr. 85 og 87 om norrøne og bysantinske tradisjonar nemnast, og trykte versjonar av innlegg på dei store internasjonale sagakonferansane (nr. 195, 222 og 250). Den siste knyter banda til emnet for denne samlinga og tek opp ei runeinnskift frå Trondheim med ei strofe som finst i *Egils saga Skalla-Grimssonar*.

I første del av karrieren arbeidde Hagland mykje med klassiske kjelder til gammalnorsk: lovhandskrifter (nr. 2, 3, 4) og særleg diplomaterialet (nr. 16, 19, 20, 25). Dei to siste artiklane handlar om ei ny forklaring på vokalharmonien i gammalnorsk, med grunnlag i den større studien i nr. 19. Det same temaet er diskutert i lengre språkhistorisk samanheng i nr. 251. Det omfattande arbeidet med språklege primærkjelder er grunnen til at Hagland har skrive oppsummeringsartiklar om gammalnorsk og gammalislandsk i både det store verket *The Nordic Languages* (nr. 186) og *Handbok i norrøn filologi* (nr. 208, 237 (tysk omsetjing) og 276).

Doktoravhandlinga (nr. 50, jf. disputasinnlegget trykt som nr. 51) tek opp eit tradisjonelt emne der allmennhistorie og språkhistorie møtest: Spørsmålet om norm i gammalnorsk. Eldre forskarar hevda at det utvikla seg ei trøndsk/vestlandsk norm ved kongskanselliet; denne norma vart først danna i Nidaros, endra seg noko då kanselliet vart flytta til Bergen, og tok ny farge etter etableringa av Oslo som rikshovudstad under Håkon V. Avhandlinga konkluderer med at tanken om at kongsadministrasjonen var berar av ei riksnorm med trekk frå fleire dialektar, rett og slett saknar grunnlag i kjeldene. Fleire artiklar spring meir eller mindre ut frå arbeidet med kongebreva i avhandlinga, t.d. nr. 38 om det kjende Sauebrevet frå 1298, nr. 41 og 103 om sjølve normomgrepet og nr. 100 om ein kanselliskrivar.

Hagland kan jamvel kryssa grensa frå det reint språklege til det historiske, som i nr. 27, skriven i lag med historieprofessor Grethe Authén Blom, og nr. 170 og 213 om kjeldegrunnlaget for eit vikingåtak på London Bridge – desse artiklane kunne vel òg vore nemnde i lag med det filologiske arbeidet. Til den historiske innsatsen kan ein rekna omsetjingane av Frostatingslova (nr. 109) og Bjarkøyretten (nr. 129), båe i lag med Jørn Sandnes, og artiklane 132 og 158 om sider ved Bjarkøyretten og overleveringa av han. Nr. 202 er ein rettshistorisk artikkel om inngifte i dei norske lovene. Interesse for dei gamle lovene syner seg òg frå andre synsvinklar, som når han i nr. 258 ser på syntaktisk variasjon mellom ulike lovhandskrifter. Hagland har òg skrive om kyrkje- og kristningshistoriske spørsmål i

ymse samanhengar, t.d. nr. 127, 218 og 262 om moglege samband mellom Noreg og austkyrkja (sjå nedanfor om Kulisteinen).

Ei stor interesse for 1700-talet har mellom anna resultert i utgåver av fleire norske ordsamlingar (nr. 12, 26 og 49) og ein artikkel (nr. 149) om slike samlingar meir allment. Dei er òg med som bakgrunn når han i nr. 267 drøftar medvitnet om eit eige norsk språk. Eit liknande arbeid er utgåva, i lag med Arnold Dalen, av tekster på trøndermål 1706–1856 (nr. 45). Hagland har fleire stader teke opp resepsjonen og oppfatningar av den norrøne litteraturen på 1700-talet (nr. 101, 112, 138, 156, 159 og 167). Nr. 212 diskuterer studiar av norsk språk på 1700-talet, eit tema han tidlegare har vore inne på i fleire artiklar (nr. 7, 10 og 128) om far og son Willes arbeid med norsk språk og særskilt gamle diplom; Wille jr. har jamvel fått ei biografisk skisse (nr. 164). Hagland har elles skrive om andre åndsmenn på den tida, som Johan Nordahl Brun (nr. 29 og 117), Knuud Leem (nr. 163 og 198), biskop Johan Ernst Gunnerus (nr. 178 og 211) og skrifvarane til den kongelege historiograf Tormod Torfæus (nr. 206).

Dei siste åra har Hagland vore oppteken av tilhøvet mellom skriftleg og munnleg kultur, innanfor den forskningstradisjonen som gjerne vert omtala med den engelske nemninga *literacy*. Dette har resultert i monografien *Literacy i norsk seinmellomalder* (nr. 220, nr. 272 er nærast ei oppsummering), der han argumenterer for at dei overleverte kjeldene frå seinmellomalderen viser ei endring der skrift som fenomen vert viktigare for folk. Fleire artiklar er inne på tilhøvet mellom det skriflege og munnlege i ymse samanhengar (nr. 184, 257, 265 og 268). Nr. 268 drøftar lovttekster og munnleg og/eller skriftleg bakgrunn for dei, og grip såleis attende til interessa for dei gamle lovene. Tematisk kan ein òg føra nr. 255 og 256 hit; dei handlar båe om omtalar av språk og uttale i norrøne tekster og gjev att sjeldne kommentarar til munnleg språkbruk i dei skriftlege kjeldene.

Til sist i denne gjennomgangen skal nokre artiklar om namnegransking nemnast. Fleire handlar om namn skrivne med runer (nr. 70, 114 og 181). Nr. 56 tek opp eit tilnamn, nr. 83 koplpar personnamn og språkhistorie (metatase av /sl/ i namnet *Porgísl*), og nr. 92 drøftar personnemningar i Willes ordsamling (utgjeve som nr. 12, jf. ovanfor). Bidraga hans om stadnamn har eit visst heimstadpreg, og dreier seg om områdenamnet Haugalandet (nr. 13), bynamnet Haugesund (nr. 79) og nokre skjergardsnamn frå heimtraktene (nr. 259). Nr. 47 diskuterer namnelov-

gjeving meir allment, medan eit opponentinnlegg ved ein doktordisputas innan emnet er trykt som nr. 160.

Hagland har dessutan gjort eit stort arbeid av meir populær art. Dei nemnde omsetjingane av norrøn litteratur til norsk ruvar mest, medan eit meir kuriøst døme er den norske tekstinga av den islandske filmen *Útlaginn*, basert på *Soga om Gisle Sursson*. Saman med Arild Hoksnes laga han i 1984 eit radioprogram i fem delar om Marcus Thrane (som òg gav stoff til ein artikkel, nr. 48). Han har elles skrive mange artiklar av ymse slag i aviser og meir populære tidsskrift, ikkje minst *Spor*, eit populærvitenskapleg tidsskrift utgjeve av Vitenskapsmuseet i Trondheim, der han lenge har vore fagredaktør. Mange av desse bidraga gjeld emnet for denne artikkelsamlinga.

Runologiske studiar

Det var jubilanten sjølv som ønskte runologiske studiar som tema for denne samlinga. Det er eit utval som er gjort, og det kan særleg nemnast at dei meir populærvitenskaplege artiklane i *Spor* er utelatne her. Elles har vi forsøkt å velja eit representativt utval av produksjonen og prøvt å unngå fleire artiklar om same tema. I det følgjande skal både hverande bidrag og andre runologiske artiklar setjast inn i ein forskingshistorisk samanheng.

Haglands aller første trykte tekst med eit runologisk emne er ein festskriftartikkel frå 1984 om ei innskrift i fast fjell på Esøya i Vevelstad (nr. 40). Her viser han seg som ein idérik og dristig runetolkar og føreslår at den ikkje heilt enkle innskrifta er metrisk. 16 år seinare melder han om ei nyfunnen innskrift same stad (nr. 161), og gjentek i same venda tolkinga si av den første innskrifta. No har Jonas Nordby komme til ei anna lesing og dermed tolking av innskrifta, men ho er enno ikkje publisert.

Også andre einskildinnskrifter har fanga Haglands interesse. Somme av innskriftene er for lengst lesne og tolka av andre, men vert tekne oppatt av ulike årsaker. Kulisteinen frå Nordmøre er emne for to artiklar: først ein festskriftartikkel i 1991 som presenterer nye, viktige opplysningar som kan endra dateringa (nr. 93), både av innskrifta og av norsk kristningshistorie, og i 1998 kom eit forslag til nylesing av delar av sjølve innskrifta basert på laser- og mikroarteringsteknologi (nr. 143).

Nylesinga og det nye tolkingsframlegget av ein liten runesekvens har ikkje overtydd så mange, men viljen til å prøva ut nye teknikkar i arbeidet med halvt utviska innskrifter er prisverdig. Innskrifta på Eiksteinen frå Sokndal i Rogaland har ei endefram tolking, men utløyser refleksjonar kring ein sjeldan syntaktisk konstruksjon som truleg kjem av angelsaksisk påverknad, noko som samstundes er relevant for kristningshistoria (nr. 147).

Denne artikkelen kjem òg inn på dateringsspørsmål, og nett problema med tidfesting av runeinnskrifter har vore tema fleire gonger. Den siste artikkelen om Kulisteinen (nr. 143) står i ein publikasjon som i sin heilskap er vigd slike spørsmål, basert på innlegg ved eit seminar som Hagland var medarrangør for i Trondheim i 1997 i regi av Senter for middelalderstudier. Han heldt sjølv innleiingsforedraget på seminaret (nr. 141), og hadde i tillegg til innlegget om Kulisteinen og mikrokartera eit innlegg saman med R.I. Page om eit gammalengelsk manuskript som blant anna inneheld nordiske runer (nr. 142).

I *Spor* har han hatt ti presentasjonar av nyfunn og liknande gjennom åra, frå tapte runespor i voks i 1986 (nr. 52) til runene på bronseausa frå museumsmagasinet i 2008 (nr. 244). Den einaste artikkelen hans om innskrifter med dei eldre runene frå før vikingtida er eit slikt nyfunn (nr. 221), eit par beinfragment funne på Alstahaug i Nordland der ein kan lesa det urnordiske ordet **alu**. Som god pedagog og popularisator har han såleis drive fagformidling til den fortidsinteresserte ålmenta i lang tid. Også i andre meir eller mindre populærvitenskaplege publikasjonar har han hatt sporadiske bidrag om runer (nr. 44, 61, 98, 134 og 137).

Dei første *Spor*-artiklane handlar om funn frå dei arkeologiske utgravingane på Folkebibliotektomta i Trondheim i perioden 1971–85, og innskriftene frå Trondheim bygrunn (og dels Bergen) har oppteke Hagland mest sidan 1980-tallet (jf. prosjektpresentasjonen i nr. 88). Dette har ført til fleire slags publikasjonar, frå meldingar om einskildinnskrifter, via presentasjon av og drøfting av visse aspekt ved utvalde grupper av innskrifter, til det som er meint å verta den store, vitenskaplege korpusutgåva av alle dei nyfunne trondheimsinnskriftene. Det er eit verk planlagt som band 7 i serien *Norges Innskrifter med de yngre Runer*, og låg føre som manus allereie på 1990-talet. Det har diverre ikkje vorte trykt, og for tida er heile publiseringa lagd på is, men manuset er inntil vidare tilgjengeleg på nettet: www.hf.ntnu.no/nor/Publik/RUNER/RUNER.doc.

I 1987 kom eit hefte, Meddelelser nr. 8 frå prosjektet «Fortiden i Trondheims bygrunn» (nr. 58, revidert utgåve nr. 89). Det inneheld blant anna ei liste over alle runeinnskriftene frå utgravingane på Folkebibliotektomta, med ei kort gjenstandsskildring og translitterering av runene, og eit kortfatta, førebels oversyn over heile materialet. Hovudføremålet var å presentera den største gruppa, dei 23 merkelappane med eigarnamn, med ei tolking av dei som kjelder til handelshistoria i byen i mellomalderen. På bakgrunn av typisk islandske personnamn blant eigarnamna og nokre språklege og runologiske trekk i innskriftene, sluttar Hagland at kanskje «storparten eller heile materialet» har følgd med varer frå Island (og dels Grønland) til Noreg; ein del av det tilsvarande materialet frå Bergen vert tilskrive same opphav. Merkelappane kan stamma frå såkalla felagshandel som er kjend frå skriftlege kjelder. Eigarmerkelappane kan såleis sjåast på som eit tilskot til det islandske runematerialet, ikkje det norske. På det tidspunktet (1987) var det på Island kjent berre nokså seine døme på runeskrift, slik at eit tilskot til det islandske korpuset ville vera kjærkomme. Interesse for den gamle islandske runetradisjonen kjem han attende til i fleire samanhengar, som vi skal sjå seinare.

Vidare undersøkingar og meir detaljert og grundig argumentasjon for det islandske opphavet til merkelappane er presentert i større breidd i fleire artiklar i 1988–90 (nr. 68, **70**, **74** og 80). Den første artikkelen var opprinneleg eit føredrag halde i Reykjavík, og eit par av artikkane er seinare trykte i islandsk omsetjing (nr. 69 og 77). Etter den første artikkelen vart det ein smule debatt i *Historisk tidsskrift* med eit par motinnlegg som blant anna gjeld det metodiske i undersøkinga og den påståtte overvekta av islandske trekk. Det islandske opphavet til ein del eigarmerkelappar må likevel seiast å vera heva over all tvil – ved sida av det nok like sikre norske opphavet til ein del andre.

På det internasjonale runesymposiet i Valdres i 1990 vart dei innskriftene frå Trondheim som har den eldste arkeologiske datering, frå ca. 1050 til ca. 1150, drøfta med tanke på kronologien i utviklinga av dei norske runene; innlegget er seinare trykt (nr. **115**). Det er elles svært få norske innskrifter som kan daterast nokså sikkert innanfor denne overgangsperioden frå berre 16 runer til eit fullt utbyggt alfabet, så dette er eit verdifullt materiale. Resultatet er diverre nokså magert, men materialet ser ut til å støtta det eksisterande synet på kronologien i overgangen. Også dette arbeidet har ei nyttig liste over dei aktuelle innskriftene som appendiks, med gjenstandsskildring og translitterering av runene.

Ei av dei mest interessante einskildinnskriftene frå Trondheim er omtala i eit par artiklar (nr. 55 og 57); ho synest å vera eit unikt døme på at musikkinstrumentet som helst er kalla *rotta* var kjent i mellomalderens Trondheim. Eit seminarinnlegg frå 2000 som sidan vart trykt i arbeidsskriftet til instituttet i Trondheim, *Motskrift* (nr. 203), vurderer trondheimsmaterialet som kjelde til samanfallet mellom lang /a:/ og u-omlydsproduktet av vokalen, slik Terje Spurkland har gjort med innskriftene frå Bergen. Den nedslåande konklusjonen er at runeinnskriftene eigentleg ikkje kan føra oss særleg lenger i dette spørsmålet.

I tillegg til runeorpuset frå Trondheims bygrunn har Hagland arbeidd med dei nordiske runeinnskriftene frå Irland. Det har resultert i ein kort artikkel (nr. 116), og seinare den vitskaplege utgåva *The Runic Inscriptions of Viking Age Dublin* frå 1997 (nr. 135), utgjeven saman med Michael Barnes og R.I. Page. I 2010 vende han attende til dei irske innskriftene med ein oversiktsartikkel på fransk i *Proxima Thulé* (nr. 253). Eit par innskrifter frå eit anna norsk busetjingsområde, Orphir på Orknøyane, er drøfta i nr. 108.

Hagland har vore ein flittig deltakar og bidragsytar på dei store internasjonale runesymposia kvart femte år, så vel som på dei mindre, meir uformelle, årlege runemøta som vert haldne etter tur rundt i dei landa som har runeinnskrifter. På symposiet i Göttingen i 1995 snakka han om runene som (tilleggs)kjelde til studiet av *literacy* i Norden og om samspelet mellom dei to skriftkulturane, med trondheimsinnskriftene som døme (nr. 144). Dette omfattande emnet, som dreier seg om skriftkunnskap og skrifttradisjon, for Hagland særleg tilhøvet mellom dei to skriftkulturane, er noko han stadig vender attende til i arbeida sine. På symposiet i Lancaster ti år seinare tok han oppatt tråden (nr. 260) og utvida *literacy*-studien sin med dei trondheimsinnskriftene med latinske bokstavar som i mellomtida var publiserte (av Martin Syrett) og gjorde lettare tilgjengelege for samanlikning.

Ei anna side av tilhøvet mellom dei to skriftkulturane er om auken i bruk av rune-skrift i høgmellomalderen skal sjåast på som «ekte tradisjon frå nordisk fortid eller kyrkjeleg inspirert renessansefenomen». Hagland diskuterer spørsmålet i nr. 162 (jf. nr. 165), og konkluderer med at det i hovudsak er snakk om kontinuitet, og at kyrkja i nokon mon har tilpassa seg den eksisterande tradisjonen, t.d. i runeinnskifter på latin. I denne og andre samanhengar er han inne på moglege spor

etter den eldste runetradisjonen i den islandske litteraturen med latinske bokstavar. Såleis meiner han at Første grammatiske avhandling kan innehalda implisitt kunnskap om runeskrift, og har set fram ei slik lesing fleire stader (nr. 95, **107** og **216**). Lesen med slike briller kan teksten i visse tilfelle få ei meir tilfredsstillande tolking. Liknande spor finst òg i Edda-dikta (nr. **191**). I nr. **123** vender han meir utførleg attende til sogelitteraturens Ingimundr prestr og hans runer i voks som er nemnde allereie i Meddelelser nr. 8 (nr. 58).

På det internasjonale runesymposiet i Jelling i 2000 la Hagland fram eit døme på eit materiale svært forskjellig frå alt som hittil er nemnt, nemleg dei aller yngste runene, dei etter-reformatoriske. Det er eit spesielt runemateriale som han lenge har interessert seg for, og som hittil har resultert i tre trykte arbeid (eit nytt er i kjømda). Ein folkeleg variant frå hans eigne heimtrakter er tema for ein festskriftartikkel i 1989 (nr. **76**), og det nemnde symposieinnlegget om 1500-talsruner er trykt som nr. **223**. Ein «romantisk» variant i form av ein kunstnarsignatur i runer på ein bautastein avbilda på eit prospekt frå midt på 1800-talet, utført av Catharine Kølle, er omtala i ei artig melding i *Spor* (nr. 174).

Denne reisa gjennom forfattarskapen har langt frå nemnt alt, men forsøkt å sjå bidraga i samanhengar – både indre samanhengar, men òg med anna forskning. Det slår ein kor mangslungen forfattarskapen er, men det er likevel tydelege liner. Det er ikkje klare skilje mellom dei ulike fagfelta, men ein stadig vilje til å sjå materiale frå nye sider, og setja tekster inn i språklege, litterære og historiske kontekstar. Såleis følgjer han i all si gjerning dei beste filologiske tradisjonar, og vi som har redigert denne samlinga, føler oss trygge på at det vil han fortsetja med som vital emeritus. Til lukke med dagen, Jan Ragnar!

Trondheim i februar 2013

Ivar Berg

Arnold Dalen

Karin F. Seim


Innhald*

Jan Ragnar Hagland – fagleg profil	5
--	---



Ljóðaháttur og landlege. Runeinnskrift i verseform frå Esøya i Vevelstad [40]	17
Runer på tabloidformat [44]	25
Eit runefunn frå Trondheim og strengeinstrument i norsk mellomalder [55]	29
Nokre onomastiske sider ved runematerialet frå bygrunnen i Trondheim og Bryggen i Bergen [70]	35
Islands eldste runetradisjon i lys av nye funn frå Trondheim og Bergen [74]	49
«Dei yngste runene» i ein variant frå Karmsund [76]	63
Kulisteinen – endå ein gong [93]	75
Møte mellom to skriftspråskulturar. Til spørsmålet om runeskrift har noko å seia for lingvistisk analyse i Første grammatiske avhandling [107]	85
Two Runic Inscriptions from Orphir, Orkney [108]	97
Note om namn på to runesteinar. Frå Gran på Hadeland og Nidaros domkyrkje [114]	103
Runer frå bygrunnen i Trondheim og mangelen på daterte innskrifter frå ca. 1050–1150 [115]	109

* Nummera i klammer viser til bibliografien bak i boka, fullstendige referansar finst der.

Ingimundr prestr Þorgeirsson and Icelandic Runic Literacy in the Twelfth Century [123].....	125
Skrift i mellomalderen. Om bruk av runer og bokstavar i det gamle bysamfunnet ved Nidelva [137]	135
Innleiing. Litt om datering på runologisk og språkleg grunnlag [141] . .	147
Runes as Sources for the Middle Ages [144].....	155
Note on Two Runic Inscriptions relating to the Christianization of Norway and Sweden [147]	165
Høgmellomalderens bruk av runer – ekte tradisjon frå nordisk fortid, eller kyrkjeleg insipirert renessansefenomen? [162]	177
Om eddadikting og runer – endå ein merknad [191].....	187
Om runer og runde vokalar. Runemateriale som evidens for datering av samanfallet mellom lange bakre låge vokalar i norsk [203]	193
On Scalds and Runes [216]	199
Runic writing and Latin literacy at the end of the Middle Ages: A case study [223]	209
Les inscriptions runiques d'Irlande [253].....	227
Two Scripts in an Evolving Urban Setting: The Case of Medieval Nidaros Once Again [260].....	247
	
Kronologisk og nummerert bibliografi	259
Tabula Gratulatoria	283